



Referanser: KR 77/11, BM 10/12

Særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2013 - 2014

Forslag til vedtak

1. Kyrkjerådet sitt forslag til særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2013-2014 er:

3.søndag i adventstida: 1 Kor 3,18-23
3.søndag i openberringstida: 1 Mos 1,26-31
4.søndag i fastetida: Hebr 4,14-16
3.søndag i påsketida: 1 Pet 2,20-25
3.søndag i treeiningstida: Jes 25,6-9
7. søndag i treeiningstida: 1 Mos 16,1-13
12. søndag i treeiningstida: Nehemja 9,19-21
19.søndag i treeiningstida: Gal 5,16-26

2. Forslaget vert send over til Bispemøtet med tanke på vedtak i Kyrkjerådet i september.

Saksorientering

Bakgrunn

I punkt 29 i *Allmenne føresegner for hovudgudsteneste*, som Kyrkjemøtet 2011 vedtok, står det:

”Preika blir til vanleg halden over evangelieteksten eller ein annan preiketekst som er fastsett av Kyrkjerådet. Forteljningsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten. I særlege tilfelle kan liturgen preika over ein fritt vald bibeltekst”.

I *Ordning for hovudgudsteneste*, punkt 13/Preike står det:

”Predikanten preikar til vanleg over evangelieteksten. Når den første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan den lesast her”.

Også i Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta (*Gudsteneste for Den norske kyrkja*, s.8.24) blir særskilte preiketekstar nemnd: ”Dersom det blir preika over ein annan tekst enn evangeliet, kan han lesast rett før sjølve preika. Dersom teksten er lesen som første eller andre lesinga, kan predikanten henta inn moment frå teksten i preika, eventuelt fortelja att teksten eller lesa delar av han på nytt”.

For å syte for at andre tekstar i Bibelen vert utlagde i preika enn evangelieteksten, fastset Kyrkjerådet for kvart år nokre andre preiketekstar frå Tekstboka enn evangelieteksten. Tidlegare, då ein hadde berre to tekstrekke, gjorde ein i regelen vedtak for om lag tolv søndagar og helgedagar i kvart kyrkjeår. Med dei tre nye tekstrekke er det naturleg å velgje nokre færre særskilte preiketekstar, og å ikkje hente inn andre tekstar enn dei som ein finn i tekstboka. At det til kvar kyrkjeårsdag òg er ein forteljningstekst som kan erstatte dei oppsette tekstane på gudstenester for born og familiar, gjer at ein kan redusere talet til 7-9 særskilte preiketekstar.

Denne gongen har det av omsyn til tida ikkje vore mogleg å handsame saka i NFG. Administrasjonen i Kyrkjerådet gjer difor framlegg om 4 tekstar frå Det gamle testamentet og 4 tekstar frå Det nye testamentet utanom evangelia, alle frå 1. rekkje:

- 3.søndag i adventstida: 1 Kor 3,18-23 (Visdomen i denne verda)
- 3.søndag i openberringstida: 1 Mos 1,26-31 (Mennesket skapt i Guds bilete)
- 4.søndag i fastetida: Hebr 4,14-16 (ein som er prøvd i alt)
- 3.søndag i påsketida: 1 Pet 2,20-25 (Kristus – hyrding og tilsynsmann)
- 3.søndag i treeiningstida: Jes 25,6-9 (eit festmåltid for alle folk)
- 7. søndag i treeiningstida: 1 Mos 16,1-13 (ein gud som ser)
- 12. søndag i treeiningstida: Nehemja 9,19-21 (du forlet dei ikkje i ørkenen)
- 19.søndag i treeiningstida: Gal 5,16-26 (eit liv i Anden)